
Saknr: 2020/45092-1
Saksbehandlar: Kathrin Jakobsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.03.20

Fullmakt til å lyse ut midlar til bedriftsintern opplæring (BIO-midlar)

Forslag til vedtak

1. For å imøtekomme dei akutte behova i næringslivet, får fylkesrådmannen fullmakt til å lyse ut 5 millionar kroner til bedriftsintern opplæring. Dette er ekstra midlar tilført Vestland fylke for å finansiere tiltak til bedrifter med låg aktivitet som følgje av Covid-19 viruset og oljeprisfallet.
2. Midlane kan ikkje nyttast til ordinær opplæring av dei tilsette, men skal nyttast til opplæringstiltak i samband med omstillingsprosessar eller tilpassing til ein ny marknadssituasjon.
3. Handsaming av søknadene skal følgje retningslinene som ligg i saka.
4. Ramma for ein permanent modell for forvaltning av BIO-midlane i Vestland vert seinare lagt fram for fylkesutvalet basert på innspel frå næringslivet og erfaringane frå den første utlysingsrunden.

Samandrag

Frå 2020 blei ansvaret for arbeidsmarknadsstiltaket bedriftsintern opplæring (BIO) overført til fylkeskommunane. Vestland fylkeskommune har fått overført 5,5 millionar kroner til bedriftsintern opplæring i 2020. Som ein del av Regjeringa sine tiltak i møte med utbrotet av korona, er løyvinga til bedriftsintern opplæring auka. Det betyr at potten for Vestland fylke er auka til 10,5 millionar kroner. Det er stort påtrykk frå næringslivet for å få desse midlane i omløp.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Frå 2020 blei ansvaret for arbeidsmarknadsstiltaket bedriftsintern opplæring (BIO) overført til fylkeskommunane. Tiltaket var tidlegare retta mot bedrifter som må gjere ei vesentleg endring av bedrifta sin produksjon eller etablere seg i nye marknader. Føremålet med BIO-ordninga var å motverke utstøyting frå arbeidslivet ved å styrke kompetansen til tilsette i bedrifter med omstillingsproblem.

Fylkeskommunane har gjennom regionreforma fått ei sterkare kompetansepolitisk rolle, og har med overføringa av BIO fått eit nytt verkemiddel i sin portefølje. Fylkeskommunane har høve til å gjere tilpassingar i føremålet og innrettinga av BIO-ordninga slik at det blir ei sterkare tilknytning til regional næringsutvikling og kompetansebehov.

Vestland fylkeskommune har fått overført 5,5 millionar kroner til bedriftsintern opplæring i 2020. Korona-viruset og verknadene det har fått og vil få for næringslivet, forsterkar behovet for å finne ei god innretting på tiltaket. Som ein del av Regjeringa sine tiltak i møte med utbrotet av korona, er løyvinga til bedriftsintern opplæring auka. Regjeringa ønskjer med dette å leggje til rette for at bedriftene kan styrke kompetansen til arbeidstakarane i ein periode med lågare aktivitet, noko som vil kome arbeidstakarane og bedriftene til gode på litt lengre sikt. Det betyr at potten for Vestland fylke er auka til 10,5 millionar kroner.

På grunn av den akutte krisa bedriftene i Vestland no står i, ber fylkesrådmannen om fullmakt til å lyse ut dei ekstra midlane Regjeringa har løyvd for å imøtekomme dei akutte behova næringslivet har.

I første omgang ønskjer fylkesrådmannen å nytte BIO-midlane som eit krisetiltak. For Vestland fylke utgjer dette 5 millionar kroner. Midlane skal difor gå til opplæringstiltak i bedrifter med kritisk låg aktivitet som følgje av Covid19, men òg oljeprisfallet. Fylkesrådmannen har registrert stor etterspurnad etter BIO-midlar frå bedrifter som ønskjer å nytte dei til opplæringsaktivitetar for sine tilsette. Sidan det er avgrensa midlar, foreslår fylkesrådmannen at dei skal nyttast til opplæringstiltak i samband med omstillingsprosessar eller tilpassing til ein ny marknadssituasjon, dvs. at midlane ikkje kan nyttast til generell kompetanseheving av dei tilsette.

Det er grunn til å tru at små og mellomstore bedrifter blir hardare ramma av Covid-19 og difor har ekstra behov for denne typen midlar. Samstundes ønskjer eg ikkje å utelukke store bedrifter frå ordninga. I og med at vi legg opp til fortløpande vurdering av søknadene, vil det ikkje vere mogleg å prioritere små og mellomstore bedrifter utan samstundes å utelukke dei store. Vi vil imidlertid oppfordre store bedrifter som søker om midlar til å inkludere små bedrifter med tilsvarende opplæringsbehov i ordninga. Sjølvstendige næringsdrivande og einskildmannsføretak kan òg søkje, men vi vil oppfordre dei til å gå saman med andre verksemder i same situasjon.

Fylkesrådmannen vil fremje ei sak for fylkesutvalet med forslag til mål og innretting av BIO-midlane som er forankra i vedtekne mål og strategiar i Regional planstrategi og Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020. Fylkesrådmannen har laga eit utkast til dette som no er lagt ut på vlfk.no og der det er høve for næringslivsaktørar og andre å kome med innspel. Fylkesrådmannen vil saman med LO, NHO, NAV og IN vurdere dei innspela som kjem inn og gjere nødvendige justeringar før politisk handsaming.

Retningslinjer for handsaming av søknadene

Målsetting

Heve kompetansen i bedrifter med låg aktivitet som følgje av Covid19 og oljeprisfallet.

Målgruppe

Private verksemder kan søke om tilskot. Det er ein fordel om fleire verksemder går saman om søknad og undervisningsopplegg, men ei verksemd må stå som ansvarleg søker. Tilskotssøkar trengjer ikkje å vere lokalisert i Vestland, men må kunne dokumentere at tilskotet går til opplæring av tilsette som har arbeidsstad i Vestland. Delvis permitterte kan delta i opplæringa.

Vurderingskriterium

I handsaminga av søknadene vil det bli lagt vekt på:

- At opplæringstiltaka er knytt til omstillingsprosessar i bedriftene eller tilpassing til ein ny marknadssituasjon som følgje av Covid19 eller oljeprisfallet
- Kor mange tilsette som skal ta del i opplæringa, målt mot berekna kostnader.
- Samarbeid mellom verksemdar.
- Grunngevnad for behovet for kompetanseheving

Krav til opplæring

Tilskotet kan gå til å dekke kostnader ved gjennomføring av opplæringa, som til dømes kurshaldar, og lønskostnader. Tilskotet kan ikkje brukast på ordinær opplæring av tilsette.

Berekning av støttesats

Tilskot blir gjeve i form av opplæringstilskot på inntil 200 000 NOK for kostnader knytt til opplæringa og tilskot til lønnsutgifter til deltakarar. Ved samarbeid mellom fleire bedrifter kan tilskotet aukast. Det vert stilt krav om eigeninnsats på 10 % av den budsjetterte summen for små og mellomstore verksemdar (SMB), og 30 % for store verksemdar. Ved samarbeid mellom store verksemdar og SMB-verksemdar er eigeninnsatsen 10%.Eigeninnsats kan til dømes være arbeidstimar. 75 % av tilskotsummen vert utbetalt ved godkjent søknad. For å få utbetalt sluttdelen av tilskotet må verksemda kunne dokumentere gjennomført opplæring for dei tilsette.

Utlysingar

Søknadar blir motteke via regionalforvaltning.no og vert behandla fortløpande.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Midlane er overført til fylkeskommunane over ramma.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Tiltaka kan bidra til å hindre utstøying frå arbeidsmarknaden.

Regional planstrategi: Er i tråd med målsettingane i regional planstrategi.

Konklusjon

Det er stor etterspurnad i næringslivet etter midlar til bedriftsintern opplæring som følgje av Covid19 og oljeprisfallet. Vestland fylkeskommune har fått 5 millionar kroner i tilleggsføring til staten til bedriftsintern opplæring som eit tiltak for å hjelpe bedrifter med låg aktivitet. Det er behov for å setje desse midlane i omløp so raskt som mogleg.